

# Folkeakademiet Hordaland

Dagleg leiar: Marion Rodgers Løseth  
Georgernes Verft 12, 5011 Bergen  
hordaland@folkeakademiet.no  
tlf . 40760171  
Bankgiro: 3638.07.05707  
Org.nr. 0097 4257 076

Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Postb. 7900  
5020 Bergen

29.03.2016

## SØKNAD OM MIDLAR – KINCK-DAGANE 2016

Folkeakademiet Hordaland planlegg Kinck-dagane 2016 saman med eigaren av ”Kinck-eigedomen” i Strandebarm, grendautvalet i Strandebarm og kulturkontoret i Kvam.

### **Folkeakademiet Hordaland søkjer med dette eit tilskot på kr 5.700 for 2016.**

Nemnda takkar for løyvingar til programmet tidlegare år – og syner til innsend rapport for Kinck-dagane 2015.

Folkeakademiet har, som tidlegare år, økonomiansvaret.

Markering vert i år i helga 24. -26. juni.

Hovudinnlegget om Kinck vert ved Sylfest Lomheim.

Gjesteartist saman med Geir Botnen vert i år Annlaug Børsheim. Dei vil framføra delar av programmet sitt for institusjonen Strandebarmsheimen. Dette vert dekkja av støtte frå ”spaserstokkmidlar” frå Kvam herad.

Nytt av året vert opninga av eit skulehus som Hans E. Kinck har vore elev i. Huset er flytta til ”Kinck-eigedomen”.

Elles håpar me å få til ein kveldskonert med mannskoret Laudamus (med ekstra musikar).

NB! Me har ikkje fått svar frå alle som er sett opp per d.d. Det er difor ei programskisse, og eit budsjett ut frå dette, som er lagt ved.

Publikum kjem frå Kvam og nabokommunar, og ein del frå Bergen. Det vert sett opp plakatar i Hardanger, Samnanger, Fusa, Voss og Kvinnherad.

Folkeakademiet Hordaland

Olav J. Skeie

Folkeakademiet sin repr. i planleggingsnemnda for Kinck-dagane

Vedlegg: Budsjett 2016 og rekneskap tidlegare år  
Programskisse 2016